

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.02.2014
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Vest RHF**

Arkivsak
2013/137
Styresak 035/14

Styremøte 04.03. 2014

Forslag til vedtak

1. Styret godkjenner revidert styreinstruks for Helse Vest RHF og revidert fullmaktstruktur.
2. Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:
 - a. Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 7. januar 2014
 - b. Instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF
 - c. Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseføretak»
 - d. Etske retningslinjer for Helse Vest
 - e. Regjeringa sin eigarpolitikk, datert juni 2012

Oppsummering

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande, styrande dokument.

Det blir i saka gjort framlegg om nokre mindre endringar i styreinstruks for Helse Vest RHF og fullmaktstruktur som følgje av endringar i vedtektene og vedtak i styret i Helse Vest RHF.

Fakta

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande, styrande dokument.

Det er lova om helseføretak saman med anna lovverk knytt opp mot helsetenestene, som utgjer det overordna rammeverket for spesialisthelsetenesta. I tilknytning til opprettinga av helseføretaka har eigar også fastsett vedtekter for dei regionale helseføretaka. Vedtektene for Helse Vest RHF blei sist endra i føretaksmøte 7. januar 2014.

Helse- og omsorgsdepartementet har i 2011 gitt ut ein rettleiar om «Styrearbeid i regionale helseføretak». Statsråden har i føreordet til rettleiinga peika på at oppgåva som styremedlem i regionale helseføretak er ein krevjande posisjon. Rettleiaren rettar seg spesielt mot god rolleforståing og god rolleutøving i styrearbeidet. Rettleiaren omhandlar også samfunnsansvaret som dei regionale helseføretaka har utover sjølve sektoransvaret og krava til etikk og etiske retningslinjer for verksemda.

Av særleg interesse i denne samanheng er også regjeringa sin eigarpolitikk inkludert prinsippa for leiarløn slik det er gjort greie for dette i dokumentet «Regjeringens eierpolitikk», sist utgitt juni 2012. I dokumentet blir det gitt ein omtale av eigarskapspolitikken slik den er kommunisert til Stortinget og innanfor dei rammer Stortinget har fastlagt.

Dokumenta som er nemnde ovanfor er fastsette av staten/eigar og styret kan ikkje påverka desse. Når det gjeld rettleiaren for styrearbeid bør styret vere merksam på at denne ikkje er oppdatert med siste endringar som til dømes at kravet om at eit fleirtal av dei eigaroppnemnde styremedlemmen skal bli oppnemnd blant føreslåtte folkevalde kandidatar, er oppheva.

Dei dokumenta som styret har rådigheit over og sjølv fastset, er følgjande:

- Styreinstruks
- Instruks for administrerande direktør
- Etiske retningslinjer
- Retningslinjer og erklæring om leiarlønningar i føretaksgruppa Helse Vest

Dokumenta som styret har rådigheit over blir kort omtala nedanfor, særleg med tanke på om det er behov for endringar eller tilpassingar i nokon av desse.

Kommentarar

Styreinstruks og instruks for administrerande direktør

Helse- og omsorgsdepartementet har stilt krav om at styret i regionalt helseføretak skal fastsette ein instruks for styret og ein instruks for administrerande direktør. Instruksverket var gjenstand for ein meir omfattande revisjon sist i 2006. Den gong var det uttalt at den største utfordringa ved revisjonen av instruksane var å finne den rette balansen mellom oversikteleghet, omfang og lesbarheit på den eine sida og fullstendigheit på den andre sida.

I 2013 blei det gjort ein ny revisjon. Det blei da ikkje gjort endringar i struktur, men ein sikra seg at instruksane blei supplerte og korrigererte med omsyn til

- samfunnsansvar og etikk
- samhandlingsreforma
- vedtektsendringar

- endringar i helseføretakslova

Styreinstruksen er nå endra i punkt 2 i samsvar med endringane i vedtektene i føretaksmøtet 7. januar 2014. I tillegg er det gjort endringar i punkt 6.1 som følgje av at vedtektene § 9 blei oppheva i det same føretaksmøtet.

I tillegg er det i dokumentet retta opp nokre skrivefeil frå versjonen frå i fjor.

Det blir ikkje gjort framlegg til endring i instruksen for administrerande direktør.

Fullmaktstruktur

Etter at styret i 2006 hadde vedtatt revidert styreinstruks og revidert instruks for administrerande direktør, vedtok styret også ein fullmaktstruktur mellom føretaksmøtet, styret og administrerande direktør. Fullmaktstrukturen byggjer utelukkande på kva som er fastsett i helseføretakslova og vedtektene for Helse Vest RHF og har til hensikt å klargjere myndigheits-, ansvars- og oppgåvefordelinga mellom dei tre nemnde myndigheitsnivåa. Det blei sist gjort nokre korrigeringar i dette dokumentet i 2013 som følgje av dei lov- og vedtektsendringar som er gjort sidan 2006.

Fullmaktstrukturen er oppdatert mellom anna med bakgrunn i endringar i vedtektene samt vedtak i styret i 2013 om å tildele administrerande direktør signatur.

Etiske retningslinjer for Helse Vest

Styret behandla i møte 7. mai 2012 sak om etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest – sak 048/12 B. I vedtaket bad styret om at etiske retningslinjer årleg blei lagt fram for styret til behandling.

I tillegg til etiske retningslinjer er det også utarbeidd 11 andre rutinar, retningslinjer, samarbeidsavtalar og erklæringar innafor ulike fagområde i verksemda som sakleg knyter seg opp mot dei generelle etiske retningslinjene. Desse blir løpande oppdatert og kan lastast ned frå www.helse-vest.no/etikk

Administrerande direktør kan ikkje sjå at det sidan behandlinga i 2012 er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen eller på anna måte som tilseier at det blir gjort endringar i dei etiske retningslinjene.

Retningslinjer og erklæring om leiarlønningar i føretaksgruppa Helse Vest

Alle regionale helseføretak fekk i føretaksmøte i januar 2012 ein ny § 16a i sine vedtekter med følgjande ordlyd;

"Helse Vest RHF skal utarbeide en årlig erklæring om ledernes ansettelsesvilkår. Denne skal tas inn som en note i årsregnskapet. Erklæringen skal ha et innhold som angitt i allmennaksjelovens § 6-16 a, og skal behandles på tilsvarende vis i foretaksmøtet som avholdes i Helse Vest RHF innen utgangen av juni hvert år. Det vises til allmennaksjelovens § 5-6 tredje ledd."

Vedtektsendringa blei gjort gjeldande med verknad for rekneskapsåret 2011.

Administrerande direktør vil legge fram eiga sak om dette i styremøte i april.

Konklusjon

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor føreslår administrerande direktør at styret vedtek revidert styreinstruks og revidert fullmaktstruktur. Dei andre dokumenta blir vidareført uendra.

Vedlegg

1. Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 7. januar 2014
2. Revidert styreinstruks for Helse Vest RHF
3. Instruks for administrerende direktør i Helse Vest RHF
4. Revidert fullmaktstruktur
5. Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseføretak»
6. Etske retningslinjer for Helse Vest
7. Regjeringa sin eigarpolitikk, datert juni 2012